



## Villreinutvalet for Nordfjella

### **SAMJAKTAVTALE FOR 2025 mellom FJELLSTYRA og private jaktfelt i sone 2, Nordfjella villreinområde**

Mellom fjellstyra i Hol og Ulvik er det inngått slik SAMJAKTAVTALE for villreinjakta i sone 2 (området mellom fv 50 og vassdraget langs Bergensbana) Nordfjella villreinområde for 2020. Avtalen kan utvidast til også å gjelda for private jaktfelt, som ved feltansvarleg si underskrift aksepterer dei rettar og plikter som er nedfelt i avtalen.

Avtalen gjeld for jegerar som har fått utsteda kontrollkort for dei statsallmenningar og kommunale eigedomar som fjellstyra har forvaltingsansvar for innan Nordfjella villreinområde. Avtalen gjeld og for jegerar som har fått utsteda kontrollkort for private jaktfelt som er med i avtalen.

Samjaktavtalen omfattar **ikkje** kontrollkort som er utsteda til jaktfelt som ikkje har slutta seg til avtalen innan den gjeldande fristen.

Avtalen gjeld f.o.m. 20/8-25 og ut jakta, dersom ikkje annan dato er fastsett for for det einskilde tilslutta jaktfelt (sjå side 2).

1. For tilslutta jaktfelt i Aurland, Hol og Ulvik gjeld avtalen alle vekedagar frå og med den datoen avtalen trer i kraft. I denne perioden er det samjakt mellom allmenningar, kommunale eigedomar og private felt som vert omfatta av avtalen.
2. Jegerar som nyttar seg av denne avtalen plikter å syna "god jegerskikk" og ta omsyn til andre jegerar i området, og ikkje øydeleggja for pågåande jakt. Dersom det er mogeleg, bør jegeren **gje seg til kjenne** på jaktsambandet, eller på annan eigna måte.
3. Jegerar som nyttar denne samjaktavtalen pliktar å ha med seg valdkartet for Nordfjella og vera godt orientert om aktuelle jaktfeltgrenser.
4. Brot på reglane i avtalen vert rekna som ulovleg jakt, og jegeren vil bli meldt og kan bli straffa.

For private felt som ynskjer å melda seg inn i avtalen, må innmeldinga skje innan den **1. juli**.

**Alle jegerar vert på det sterkaste oppmoda om å bruka klede- eller hovudplagg med signalfarge!**

**Tilslutta statsallmenningar i Nordfjella:**

Hol, 19/5-25 *Per Eivind Fjell* for Hol fjellstyre

Ulvik, 19/6-25 *Stig J. Røkenes* for Ulvik fjellstyre

Oppsynsleiars tlf: 995 67 650

**Følgjande private jaktfelt i NF sluttar seg fullt og heilt til ovannemnde gjensidige avtale:**

Hol:	Alle felt, med unnatak av:
Aurland:	
Ulvik:	Alle felt.